



## Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 09.05.2019  
**Møtestad:** Formmanskapsalen  
**Møtetid:** 14:30 - 15:45

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Åshild Aamli		Utvalseiar
Tore Eugen Hansen		Nestleiar
Anne Marie Skurtveit		Medlem
Beate Seveline Eknes		Medlem
Bente Oliversen Sagstad		Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Henriette Fennelly	Medlem

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

Rådmann Martin W. Kulild var i møte å orienterte om sak 12/2019

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
08/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
09/2019	Godkjenning av møtebok
10/2019	Referatsaker
11/2019	Aktuelle saker
12/2019	Ferietur/helgetur for personar med nedsett funksjonsevne
13/2019	Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

## **08/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## **09.05.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

### **RMF - 08/2019 VEDTAK:**

Innkalling med tilleggsinnkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **09/2019: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

## **09.05.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

### **RMF - 09/2019 VEDTAK:**

Møtebok vert godkjent.

---

## **10/2019: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

## **09.05.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

### **RMF - 10/2019 VEDTAK:**

---

## **11/2019: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

## 09.05.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

### RMF - 11/2019 VEDTAK:

Det låg ikkje føre aktuelle saker

---

## 12/2019: Ferietur/helgetur for personar med nedsett funksjonsevne

### Rådmannen sitt framlegg:

Skriv framlegg her

## 09.05.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådmann Martin W. Kulild var i møte for å orientere om staa kring ferietur/helgetur for personar med nedsett funksjonsevne.

Bakgrunnen for orientering frå Rådmann var vedtak frå Utval for levekår 02. april 2019: Utval for levekår ber rådmannen finna løysingar for personar med nedsett funksjonsevne som ønskjer å reisa på tur med overnatting utanfor kommunen i 2019. Utval for levekår meiner eit samarbeid mellom den einskilde brukar og kommunen vil det vera mogeleg å få til løysingar som kan akseptast både for brukaren og kommunen. I samband med Alver kommune må nye og fleksible retningslinjer innan dette tenestområdet utarbeidast der både brukarorganisasjonar og arbeidstakarorganisasjonar vert involvert i arbeidet.

### RMF - 12/2019 VEDTAK:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støtter Utval for levekår sitt vedtak i sak 12/2019, Sak 2: Ferietur/helgetur for personar med nedsett funksjonsevne 2019.

RMF oppmodar Alver kommune til å få dette på plass innan sommaren 2020.

---

## 13/2019: Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

### Rådmannen sitt framlegg:

## 09.05.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

### RMF - 13/2019 VEDTAK:

#### Val og samansetting:

Rådet skal ha 9 medlemmer. Av desse skal 3 veljast frå kommunestyret, ein medlem frå kvart av utvala (utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg og utval for areal, plan og miljø) og 6 etter framlegg frå interesseorganisasjonane. Leiar og nestleiar bør veljast blant medlemmane frå organisasjonane. Rådet blir vald av kommunestyret, som og vel leiar og nestleiar.

#### Mandat:

Rådet skal ha følgjande mandat:

Mandat for råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Meland Kommune

1. Rådet skal arbeide for å sikre at FN- konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne og Diskriminerings- og tilgjengelova blir etterlevd i kommunen.
  2. Rådet skal handsame saker som er viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Særleg viktige saksområde er tilkomst/universell utforming, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester retta mot denne gruppa.
  3. Rådet skal elles kunne ta opp tilhøve innanfor plan- og bygningssektoren, samferdsle, barnehage, skule, kultur, idrett, friluftsliv, helse og pleie- og omsorgstenestene.
  4. Rådet skal ta del i og kan gi uttale til kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett.
  5. Rådet skal ta del i og kan gi uttale til kommuneplan, kommunedelplanar og verksemdsplanar innan dei områda som er lista opp under punkt 2 i mandatet.
  6. For å sikre best mogleg medverknad, må rådet kome inn i prosessane på eit tidleg tidspunkt, også når det ligg føre alternative måtar å gå vidare på.
  7. Rådet skal ikkje handsame saker som gjeld einskildpersonar.
  8. Rådet skal legge fram melding om verksemda kvart år. Denne skal leggest fram for kommunestyret.
-